



Fagleg forum for formannskapssekretærer

Protokoll frå årsmøte

Dato: 19. mai 2025, 15.58–16.15
Stad: Scandic Nidelven Hotel, Trondheim
Til stades: Sjå vedlagde deltakarliste.

Sak 1/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden Ingen merknadar. Samrøystes vedtak: Innkalling og dagsorden blir godkjent.
Sak 2/25	Val av møteleiar Forslag på møteleiar: Kristin Isaksen, Trondheim kommune. Samrøystes vedtak: Som møteleiar veljast Kristin Isaksen, Trondheim kommune.
Sak 3/25	Val av sekretær Forslag på sekretær: Bjarte Stølås Storli, Sveio kommune. Samrøystes vedtak: Som sekretær veljast Bjarte Stølås Storli, Sveio kommune.

Sak 4/25	Val av underskrivarar av protokollen Forslag til å underskriva protokollen: Iselin Eriksen, Trondheim kommune Kristian Sjøli, Trøndelag fylkeskommune Samrøystes vedtak: Til å underskriva protokollen veljast: Iselin Eriksen, Trondheim kommune Kristian Sjøli, Trøndelag fylkeskommune
Sak 5/25	Årsmelding for 2024 Årsmeldinga er lagd ut på Protokollen.no. Samrøystes vedtak: Årsmeldinga for 2024 blir godkjent.
Sak 6/25	Årsrekneskap for 2024 Styremedlem og kasserar Vera-Britt Sommer presenterte årsrekneskapen for 2024. Samrøystes vedtak: Årsrekneskapen for 2024 blir godkjent.
Sak 7/25	Kontingent for 2026 Styret sitt forslag til vedtak: Kontingenten for 2026 blir sett til kr 1500,– per medlemskommune. Samrøystes vedtak: Kontingenten for 2026 blir sett til kr 1500,– per medlemskommune.

Sak 8/25	Godtgjersle til styret for 2026 Styret sitt forslag til vedtak: Godtgjersla blir fastsett slik: Leiar: 21 100,– Kasserar: 14 100,– Styremedlemmene elles: 7000,– Samrøystes vedtak: Godtgjersla blir fastsett slik: Leiar: 21 100,– Kasserar: 14 100,– Styremedlemmene elles: 7000,–
Sak 9/25	Innkomne saker Ingen innkomne saker.
Sak 10/25	Handlingsplan for 2026 Styreleiar Kristin Isaksen presenterte handlingsplanen for 2026. Vera-Britt Sommer oppfordra medlemmene til å komma med forslag til tema for framtidige fagdagar og landskonferansar. Samrøystes vedtak: Handlingsplan for 2026 blir godkjent.
Sak 11/25	Budsjett for 2026 Styremedlem og kasserar Vera-Britt Sommer presenterte budsjettet. Fleire tok ordet i saka. På spørsmål om FFF sitt bankinnskot, jf. rekneskapen for 2024, viste styret til at det ikkje er eit mål å ha eit så stort innskot. Ein viss buffer er likevel nødvendig, jf. hotellkostnadane FFF hadde då landskonferansen blei avlyst på kort varsel under pandemien. Ferdigbehandling av saka blei deretter utsett til etter behandling av sak 13/25.

Samrøystes vedtak:

Budsjettet for 2026 blir godkjent.

BUDSJETT 2026**Inntekter:**

Medlemskontingent	300 000,00
Renteinntekter	15 000,00
Inntekter fagdag	230 000,00
Inntekter årsmøte/landskonferanse	1 000 000,00
Sum inntekter	1 545 000,00

Utgifter:

Styremøter/møter	95 000,00
Utgifter årsmøte/landskonferanse	1 100 000,00
Utgifter fagdag	230 000,00
Diverse	30 000,00
Godtgjørelse styret	90 000,00
Sum utgifter	1 545 000,00

Sak 12/25

Forslag til endring av vedtekter**Styret sitt forslag til vedtak:**

Vedtektene punkt 6 blir endra til:

«Årsmøtet holdes innen utgangen av juni og innkalles med 1 mnd. varsel. Forslag til saker som ønskes behandlet, må fremmes skriftlig og sendes styret senest en måned 14 dager før årsmøtet.»

Samrøystes vedtak:

Vedtektene punkt 6 blir endra til:

«Årsmøtet holdes innen utgangen av juni og innkalles med 1 mnd. varsel. Forslag til saker som ønskes behandlet, må fremmes skriftlig og sendes styret senest en måned 14 dager før årsmøtet.»

Sak 13/25	Digitale fagdagar Styret sitt forslag til vedtak: Styret undersøker moglegheita for å arrangera digital fagdag eller ei hybrid løysing. Fleire tok ordet i saka. Nytt framlegg til vedtak, frå styret: Fagdagen 2026 blir gjennomført som eit fysisk arrangement, med forsøksprosjekt med digital overføring. Me tar omsyn til kostnaden ved dette i budsjettet. Samrøystes vedtak: Fagdagen 2026 blir gjennomført som eit fysisk arrangement, med forsøksprosjekt med digital overføring. Me tar omsyn til kostnaden ved dette i budsjettet.
Sak 14/25	Val til styret Valkomitéen sitt forslag: Som leiar: Kristin Isaksen, Trondheim kommune (veljast på nytt for 2 år) Som nestleiar: Are Ausland, Akershus fylkeskommune (ikkje på val) Som styremedlemmer: • Rita-Mari Keiserås, Levanger kommune (ikkje på val) • Yvonne Meidell, Fredrikstad kommune (veljast på nytt for 2 år) • Vera-Britt Sommer, Rogaland fylkeskommune (ikkje på val) • Bjarte Stølås Storli, Sveio kommune (veljast på nytt for 2 år) Som varamedlemmer: 1. Liv Jorunn Frønsdal, Tysvær kommune (ikkje på val) 2. Sissel Pedersen, Kvinesdal kommune (ikkje på val) 3. Eva Holmvaag, Nordland fylkeskommune (ikkje på val) Samrøystes vedtak: Til styret veljast:

	Leiar: Kristin Isaksen, Trondheim kommune Styremedlemmer: • Bjarte Stølås Storli, Sveio kommune • Yvonne Meidell, Fredrikstad kommune Varamedlemmer: 1. Liv Jorunn Frønsdal, Tysvær kommune 2. Sissel Pedersen, Kvinesdal kommune 3. Eva Holmvaag, Nordland fylkeskommune
Sak 15/25	Val av revisorar Valkomitéen sitt forslag: Hilde Jensen Midtbøe, Bremanger kommune (veljast på nytt for 1 år) Elin Tokerød, Vestby kommune (veljast på nytt for 1 år) Samrøystes vedtak: Som revisorar veljast: Hilde Jensen Midtbøe, Bremanger kommune Elin Tokerød, Vestby kommune
Sak 16/25	Val av valkomité Valkomitéen sitt forslag: Som leiar: Ketil Tjore, Austerheim kommune (veljast på nytt for 1 år) Som medlemmer: • Hilde Pedersen Karlsen, Enebakk kommune (veljast på nytt for 1 år) • Susanne Brattli, Steinkjer kommune (veljast på nytt for 1 år) Samrøystes vedtak: Som valkomité veljast: Leiar: Ketil Tjore, Austerheim kommune

	Medlemmer: • Hilde Pedersen Karlsen, Enebakk kommune • Susanne Brattli, Steinkjer kommune
--	--

Trondheim, 19. mai 2025

Bjarte Stølås Storli
sekretær

Iselin Eriksen (s.)
Trondheim kommune

Kristian Sjøli (s.)
Trøndelag fylkeskommune

Protokollen er signert elektronisk.